



F.v. Runar Myklebust, elevrådsleiar Jostein Soldal med sjekken, Lilli Britt Urheim, Øyvind Ousdal og Atle Josdal.

I føremiddag var det eit flott avbrekk i dei daglege rutinane ved Uskedal oppvekstsenter. Alle borna var samla på skuleplassen saman med tilsette, og presis kl.9.10 kom to brannbilar kjørande inn på plassen. Tre brannmenn hoppa ut av bilane, og spente elevar fekk vera vitne til at dei overrekte ein stor sjekk på 10.000 kroner til oppvekstsenteret ved verksemdsleiar Lilli Britt Urheim.



Brannbilane kjem.

Brannmennene kom på vegne av arrangørene av Brannvernuka og Nasjonal brannøvelse og overrekte gåvesjekken frå dei. Skulen hadde delteke i Nasjonal brannøvelse 2015, og i etterkant av det hadde dei sendt inn søknad om å vera med i konkurransen. Tilsaman deltok over 1700 skular i heile landet i Norsk brannøvelse 2015. Leiar for førebyggjande brannvern i Kvinnherad kommune, Øyvind Ousdal, sa at han var svært glad for å kunna overrekka denne gåva til Uskedal oppvekstsenter, og rektor Lilli Britt Urheim takka for den store sjekken. På spørsmål om kva pengane skulle brukast til kunne rektor fortelja at det ikkje var bestemt. Ho oppfordra både tilsette og elevar til å koma med gode innspel, men det var tenkt på både brannteppe og eit lite brannsløkkjingsapparat til å ha med på tur t.d. til lavoen. Bøker for å læra meir om brannvern var også nemnt.

Totalt var det over 700.000 personar som deltok i ein av dei over 7600 brannøvingane som fann stad over heile landet i samband med denne kampanjen i september 2015. Det er Norsk brannvernforening, DSB og forsikringsselskapet If som står bak kampanjen som vert arrangert kvart år.

Etter overrekkinga fekk ungane koma klassevis inn i mannskapsbilen og sjå ein skikkeleg brannbil. Det var sjølvsagt populært og spennande!

Gode brannverntips er viktige i desse kuldetider, og Øyvind Ousdal sa at vi finn svært mange gode tips på sikkerhverdag.no.



Populært å sjå inni brannbilen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.